

Kommunal- og regionaldepartementet
v/ Dag Vestrheim
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO



Møre og Romsdal fylke
FYLKESORDFØRAREN

KOMM. OG REG. DEF
- 3 OKT 2006
Ark
Avd. / /


Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 18154/2006/	Ingunn Bekken Sjøholm,	02.10.2006

Høyringsvar på Lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken.

Saka vart behandla av fylkesutvalet den 19. september 2006. Fylkestinget vil gjere vedtak i saka den 16. eller 17. oktober. Vedtaka i fylkestinget vil bli ettersendt.

Kopi av saksframlegg og utskrift av møteprotokoll for sak U-142/06, samt utskrift av møteprotokoll for sak T-09/06 og sak U-113/05 følger vedlagt.

Med helsing



Jon Aasen
fylkesordfører

U 142-06 Høyring - Lokaldemokratikommisjonens si andre utgreiing - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken.

Behandling i Fylkesutvalet - 19.09.2006

Det var lagt fram korrigert framlegg til vedtak.

VEDLEGG

Olav Bratland fremma framlegg om å utsetje saka.

Votering:

Utsetjingsframlegget falt med 6 mot 7 røyster.

Møtet vart heva for lunsjpause.

Styreleiar Kolbjørn Almlid i Helse Midt-Norge orienterte.

Saksbehandlninga av sak U-142/06 heldt fram.

Olav Bratland sette på vegner av Høyre, Sunnmørslista og Frp fram følgjande framlegg:

Tillegg til pkt 2 første setning:

... samt mindretallet sitt forslag i samme sak om 2-nivå løysing.

Til pkt 3:

Første setning i punktet går ut.

Til pkt 4:

Punktet går i sin helhet ut.

Svein Atle Roseth sette på vegner av KrF, SV, Sp og AP fram følgjande framlegg:

Nytt pkt 3:

Møre og Romsdal fylke vil elles vise til Europarådets kommunalkongress med anbefalinger om regionalt demokrati i Norge 23. november 2003. Her gir Europarådet klare anbefalinger om grunnlovsfesting av lokalt og regionalt sjølvstyre med henvisning både til grunnlova og til kommunelova av 25. september 1992 som heller ikkje inneheld generell bindande juridisk beskyttelse av lokalt og regionalt sjølvstyre i Norge. Møre og Romsdal fylke vil støtte grunnlovsfesting av lokaldemokratiet i Norge.

Votering:

Pkt 1 - samrøystes vedteke.

Pkt 2 - Bratlands framlegg vart samrøystes vedteke.

Nytt pkt 3 - Roseths framlegg vedteke mot 6 røyster.

Pkt 3 (som no er blitt pkt 4) - Bratlands framlegg vedteke mot 6 røyster.

Pkt 4 (som no er blitt pkt 5) - vedteke mot 6 røyster.

Pkt 5-8 (som no er blitt 6-9) - samrøystes vedteke.

Tilråding frå Fylkesutvalet - 19.09.2006

1. Møre og Romsdal fylkesting støttar lokaldemokratikommisjonen sitt forslag om at staten og KS sørger for forskning som gir kunnskap om kva faktorar som påverkar innbyggjarane sin tillit til kommunestyret og fylkestinget. Fylkesutvalet oppmodar om at media si rolle inngår som ein del av analysene.

2. Legitimiteten for det regionale nivået er eit tema som Møre og Romsdal fylkesting lenge har hatt på dagsorden. Fylkestinget viser til tidlegare vedtak i T-sak 9/06:

Samling og samordning av regionale oppgåver vil få større effekt for legitimiteten til det regionale nivået enn endring av geografiske grenser.

Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati skal fungere og som føresetnad for forpliktande partnerskap med kommunar, næringsliv og organisasjonar. Geografisk nærleik må vektleggjast med tanke på best mogleg praktisk funksjon i dei nye regionane,

samt mindretallet sitt forslag i samme sak om 2 nivå løysing.

3. Møre og Romsdal fylkesting vil elles vise til Europarådets kommunalkongress med anbefalingar om regionalt demokrati i Norge 23. november 2003. Her gir Europarådet klare anbefalingar om grunnlovfesting av lokalt og regionalt sjølvstyre med tilvising både til grunnlova og til kommunelova av 25. september 1992 som heller ikkje inneheld bindande juridisk vern av lokalt og regionalt sjølvstyre i Norge. Møre og Romsdal fylke vil støtte grunnlovsfesting av lokaldemokratiet i Norge.
4. Evalueringane frå forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal viser at det regionale nivået har vorte enklare å forhalde seg til for brukarane, den nye organisasjonen gir grunnlag for meir tverrfaglege og heilskaplege løysingar, og gjennom dette gjer det regionale nivået meir synleg for innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar.
5. Legitimiteten til einskapsfylkemonellen vil bli enno høgare om ein samstundes overfører oppgåver og mynde frå statleg byråkrati til det regionale demokratiet.
6. Fylkestinget understrekar at reiseavstand må vere ein faktor ein tek omsyn til i forvaltningsreforma. Lang reiseveg reduserer vilkåra for deltaking og påverking i det regionale demokratiet (jamfør undersøking gjennomført av Møreforskning blant kommunane i Møre og Romsdal).
7. Fylkestinget støttar fleirtalet i demokratikommisjonen i at ein skal vidareføre ordninga med separat valdag for stortingsval og kommunestyre-/fylkestingsval. Det er viktig at regionale saker kan få plass på agendaen ved fylkestingsval.
8. Fylkestinget støttar fleirtalet i lokaldemokratikommisjonen i at dersom ei lokal liste som ikkje er knytt til noko registrert parti blir representert i eit kommunestyre – eller fylkestingsval, så fell krava om underskrifter bort ved neste val. Dette er ei fornuftig forenkling.
9. Fylkestinget støttar lokaldemokratikommisjonen i at dei frivillige organisasjonane har ei sentral rolle for utviklinga av lokalsamfunna. Fylkesutvalet finn det difor urovekkjande at den nasjonale politikken gradvis har ført til ei fjerning av fylkesleddet av frivillig verksemd. Fylkestinget viser til tidlegare vedtak i fylkesutvalet U-sak 113/05.

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
08.09.2006	MR 16625/2006	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr	Utval
U-142/06	Fylkesutvalet

Møtedato
18.09.2006

Høyring - Lokaldemokratikommisjonens si andre utgreiing - NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken.

Bakgrunn

Kommunal- og regionaldepartementet sendte i mai 2006 lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing til Møre og Romsdal fylke for å få ein høyringsuttale.

Lokaldemokratikommisjonen har hatt i oppdrag å analysere og vurdere villåra og utforminga av lokaldemokratiet. Kommisjonen har lagt eit overordna omsyn til grunn for arbeidet: Å auke deltakinga og engasjementet i lokalpolitikken.

Utgreiinga tar opp følgjande problemstillingar:

- 1) *Eit lokaldemokrati under press?*
Kommisjonen kjem med tiltak for å stoppe den negative utviklinga i valdeltakinga.
- 2) *Politiske parti, lokalpolitisk rekruttering og representativitet.* Kommisjonen drøftar situasjonen til dei politiske partia, dei lokale listene si rolle i lokaldemokratiet, og kva som skal til for å sikre god rekruttering til kommunestyra/fylkestinga.
- 3) *Innverknad mellom val*
Kommisjonen vurderar forholdet mellom deltaking innanfor det representative lokaldemokratiet og alternative deltakingsformer.
- 4) *Kommunal organisering, kommunal selskapsdanning og frivillige organisasjonar.* Kommisjonen drøftar konsekvensar av ulike omorganiseringstiltak i kommunane, kva rolle kommunale selskap spelar i høve til lokaldemokratiet og korleis samspillet mellom kommunane og frivillige organisasjonar kan styrke lokaldemokratiet.

I kapittel 1 i utgreiinga blir hovudkonklusjonane frå arbeidet til Lokaldemokratikommisjonen oppsummert. Kapitlet følgjer som vedlegg til saka.

Vurdering

1. Legitimiteten til lokaldemokratiet, med vekt på det regionale nivået

Kommisjonen oppmodar staten og KS til å sørgje for forsking som gir kunnskap om kva faktorar som påverkar innbyggjarane sin tillit til lokaldemokratiet. Gitt det paradoks at valdeltakinga er relativt låg ved kommuneval og fylkestingval, samstundes med at borgarane jamt over er godt nøgde med dei tenestene kommunane og fylkeskommunane leverar, er dette eit godt forslag.

Dette er kunnskap som og vil vere viktig å ha ta omsyn til i den føreståande forvaltningsreforma. Reforma er initiert m.a. fordi det er etablert ei "sanning" om at fylkeskommunen manglar legitimitet. Låg valdeltaking er her det mest brukte argumentet. Dette i tillegg til resultat frå spørjeundersøkingar der ein m.a. har målt legitimitet etter del som kjenner namnet på fylkesordføraren, del som er ueinige i ein påstand om at folkestyret vil bli svekka dersom fylkeskommunen ble nedlagt, del som svarer at dei har tillit til fylkeskommunen m.m. I spørjeundersøkingane som er oppsummert i NOU 2000:22 Om

oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune, er det ein relativt stor del som svarar "Veit ikkje" på spørsmåla om fylkeskommunen. Er dette eit uttrykk for manglande legitimitet, eller er dette eit uttrykk for manglande informasjon?

Det kan difor vere grunn til å sjå nærmare på media si dekning av fylkeskommunen. Kva bilete er det media teiknar av fylkeskommunen (hos oss: av Møre og Romsdal fylke)? Kva saker er det som dominerar? Kva merksemd blir via fylkeskommunen som demokratisk og politisk arena? I kva grad kjem det fram at det er fylkeskommunen som står bak prosjekt og utviklingstiltak som blir omtala? Kva kan fylkeskommunen sjølv gjere for å få ein god dekning i media? Media si rolle i forhold til det å skape deltaking og legitimitet for lokalforvaltninga er lite omtala i lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing, og Møre og Romsdal fylke oppmodar om at dette blir gjenstand for ei nærmare analyse.

I debatten som er knytt til den føreståande forvaltningsreforma, blir det m.a. frå KS si side hevda at legitimiteten til det regionale nivået vil bli betre med større regionar. Dei ser større regionar som ein føresetnad for at regionane kan få ansvar for oppgåver som er viktige i folk sin kvardag. Dette er ei problemstilling som fylkestinget i Møre og Romsdal tok stilling til i T-sak 9/06. Fylkestinget vedtok m.a. følgjande:

Samling og samordning av regionale oppgåver vil få større effekt for legitimiteten til det regionale nivået enn endring av geografiske grenser.

Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati skal fungere og som føresetnad for forpliktande partnerskap med kommunar, næringsliv og organisasjonar. Geografisk nærleik må vektleggjast med tanke på best mogleg praktisk funksjon i dei nye regionane.

Legitimiteten til det regionale nivået er påverka av kor enkelt det er for innbyggjarane å ha oversikt over, å finne fram til og ta kontakt med dei regionale myndigheiter. Evalueringane av forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal, visar at brukarane våre meiner at fylkesnivået nå har vorte enklare å forholde seg til. Evalueringane slår og fast at Møre og Romsdal fylke gjennom forsøket med einskapsfylke har vorte ein tydelegare regional utviklingsaktør. (NIBR-rapport 2006:5, Arbeidsrapport nr. 190, Møreforskning Volda, NTF notat 2006:3).

Ei utfordring både for fylkesmannsembeta og for fylkeskommunen er å vere synlege ute i lokalsamfunna. Gjennom einskapsfylkemodellen der ein samlar kompetansen hos fylkesmannen og hos fylkeskommunen i eitt organ, har ein betre føresetnader til å sjå politikkområde i samanheng, få til heilskapelege tiltak og gjennom dette bli ein tydelegare samarbeidspart. Å arbeide i partnerskap med kommunar, organisasjonar og næringsliv slik Møre og Romsdal fylke har gjort i forsøket med einskapsfylke, vil truleg gjere det regionale demokratiet meir synleg for folk flest. Det vil igjen ha konsekvensar for legitimiteten til det regionale nivået.

Møre og Romsdal fylke støttar KS i at overføring av oppgåver frå statleg til regionalpolitisk mynde vil ha positiv effekt på det regionale nivået sin legitimitet. Møre og Romsdal fylke meiner at dei oppgåvene som fylkestinget foreslår lagt til det fokevalte regionale nivået (sjå vedlagt T-sak 9/06) godt lar seg løyse innafor dei grensene Møre og Romsdal fylke har i dag. Møre og Romsdal fylke meiner at større regionar, der innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar får ein lengre veg til dei regionale myndigheiter vil svekke det regionale nivået sin legitimitet. I ei undersøking gjennomført av Møreforskning blant kommunane i Møre og Romsdal våren 2006, kjem det fram at eit stort fleirtal trur at større regionar vil gje eit dårlegare tilbod til kommunane, jamført med dagens situasjon. Informantane er mest skeptiske på følgjande område:

1. Kommunen si deltaking i planleggings- og utviklingsarbeid på regionalt nivå (72 prosent trudde dette ville bli dårlegare)
2. Kommunen si påverking av vedtak på det regionale nivået (71 prosent trudde dette ville bli dårlegare).
3. Samarbeidet kommunen har med det regionale nivået (68 prosent trudde dette ville bli dårlegare).
4. Forståing av dei spesielle utfordringane i din kommune/del av regionen (68 prosent trudde dette ville bli dårlegare).

2. Kommisjonen sine forslag på tiltak for å auke valdeltakinga

Kommisjonen har vurdert mange tiltak som er fornuftige med tanke på å få borgarane til å oppleve lokalvala som viktige, t.d.:

- desentralisering av makt og ansvar
- at lokalpolitikarane tek eit ansvar for å sette saker på dagsorden som opptek folk
- tiltak som letter tilgjenge til vallokala
- informere betre om mulegheita for å stemme blankt
- sterkare satsing på utvikling av elektroniske valløysingar

Kommisjonen tek og opp til vurdering vala sin innbyrdes plassering, dvs. om lokalvala burde vere på same dag som stortingsvalet, slik det t.d. er i Sverige. Fleirtalet går inn for at gjeldande ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval blir vidareført. Argumenta som fleirtalet støtter seg på, er at lokale saker bør stå i fokus i eit lokalval, og at ein felles valdag vil medføre ei ytterlegare nasjonalisering av politikken. Ein felles valdag vil og ha som konsekvens at det vert endå vanskelegare å stille lokalpolitikarane til ansvar ved valet. Å få opp valdeltakinga og å sikre heilskapsperspektivet på politikken er argument til mindretalet som foreslår å leggje alle vala til same dagen. I ein situasjon der det regionale nivået blir oppmoda om å ta utgangspunkt i lokale føremonn og det særlegene i fylket i utviklinga av regionen, meiner Møre og Romsdal fylke at slike saker best vil komme opp på den lokale agendaen og i lokale media dersom vala til fylkesting blir haldt samstundes med kommunestyrevalet, men avskilt frå stortingsvalet.

Kommisjonen har vurdert spørsmålet om stemmerettsalderen ved lokalvala bør bli sett ned frå 18 til 16 år. Fleirtalet går innfor å behalde gjeldande stemmerettsalder. Dei grunngir dette med at stemmerettsalderen bør følgje myndigheitsalderen. Mindretalet ønskjer å opne for at ungdom frå 16 år kan få stemme ved lokalvala. Desse medlemmane legg avgjerande vekt på at stemmeretten er ein demokratisk rett og at stemmerett for 16 åringar kan medverke til større politisk engasjement blant ungdom. Møre og Romsdal fylke synest forslaget frå mindretalet er interessant, men meiner at dette bør utgreiast nærmare, m.a. ved å gjennomføre ei undersøking blant ungdommane sjølv om kva dei meiner om stemmerettsalderen og undersøke om andre land har erfaring frå dette.

3. Partia si rolle i lokalpolitikken

Kommisjonen har ein interessant drøfting av partia si rolle som den viktigaste aktøren i lokaldemokratiet. Kommisjonen utfordrar dei politiske partia til å ta eit endå større ansvar for å engasjere innbyggjarane i partiarbeid. Kommisjonen forslår større økonomiske ressursar for å fremje det lokalpolitiske arbeidet, t.d. auka stemmestøtte til lokale lister og politiske parti. Dersom det er slik at ressursane som partia har til rådvelde i dag avgrensar den aktiviteten dei kan gjere for å skape engasjement og deltaking i lokalpolitikken, støttar Møre og Romsdal fylke dette forslaget.

Kommisjonen stadfestar at dei lokale listene er eit viktig supplement i lokalpolitikken. Kommisjonen finn det vanskeleg å forsvare dei høge krava som er sett for å stille lister ved lokalval. På det grunnlag ønskjer kommisjonen å føreslå endringar i reglane for at slike lister skal stille til val. Fleirtalet går inn for at dei gjeldande reglane for å stille liste vert vidareførde, men med den endring at dersom ei liste som ikkje er knytt til eit registrert parti blir representert i kommunestyret fell krava om underskrifter bort ved neste val. Ei lokal liste som har vore representert vil dermed kunne stille til val ved neste val ut frå dei same reglane som gjeld for dei registrerte politiske partia i kommunen. Dette er eit forslag Møre og Romsdal fylke meiner er ei fornuftig forenkling.

4. Innverking mellom val

Kommisjonen har diskutert fire spørsmål knytt til utforming og bruk av folkerøystingsinstituttet. For det første gjeld det spørsmålet om ein treng lovregulering av den eksisterande praksisen med rådgjevande lokale folkerøystingar. For det andre om det bør opnast for bindande folkerøystingar i kommunane. For det tredje om innbyggjarane gjennom ein initiativrett skal kunne setje saker på dagsorden eller etterprøve dei folkevalde si utforming av politikken. Og, for det fjerde, om det politiske mindretalet i kommunestyra/fylkestinga også skal kunne krevje folkerøystinga i ei sak. Fleirtalet i kommisjonen ser på det representative demokratiet som fundamentet for det lokale folkestyret. Bindande folkerøystingar/folkeinitiativ vil representere eit brot med dette prinsippet, og gjere det

vanskelegare å utforme ein heilskapleg lokalpolitikk. Fleirtalet meiner at den eksisterande ordninga med rådgjevande folkerøystingar fungerer tilfredsstillande og gir kommunane fleksibilitet med omsyn til å gjennomføre folkerøystingar. Fleirtalet går heller ikkje inn for ei ordning der mindretalet i kommunestyra/fylkestinga får høve til å krevje folkerøysting i saker som desse organa behandlar.

Mindretalet meiner det er trong for lovregulering på dette feltet. Desse medlemene meiner det ofte kjem opp saker som kommunestyra/fylkestinga kan ha problem med å avgjere og ta ansvar for. Det kan vere saker der motsetnadane går på tvers av dei partipolitiske skiljelinjene, eller saker som blir sett på dagsorden utan å ha vore tema i ein valkamp. I slike saker er det rimeleg at politikarane kan overlate vedtaksansvaret til veljarane. Mindretalet går difor inn for at kommunar som ønskjer det skal få høve til å gjennomføre bindande folkerøystingar. Med bakgrunn i same argument bør det også bli innført ein initiativrett for innbyggjarane der dei får høve både til setje nye saker på dagsorden og til å etterprøve dei folkevalte si utforming av politikken. Når det gjeld initiativretten, bør terskelen for å utløyse ei folkerøysting vere høg. Ei løysing er å setje underskriftskravet til 10 prosent av dei røysteføre, eller å regulere underskriftskravet med bakgrunn i kommunestorleiken. Eit krav på 10 prosent vil gjere det vanskelegare å kvalifisere eit initiativ i store byar som Oslo og Bergen, enn i mindre kommunar. Mindretalet meiner at lovverket bør utformast slik at verken bindande folkerøystingar eller folkerøystingar initierte av innbyggjarane skal kunne nyttast i spørsmål som gjeld minoritetar sine levekår eller i spørsmål som kan ha konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar.

Møre og Romsdal fylke er oppteken av å skape engasjement for sakene som ligg under regionalpolitisk leiing og gjere det regionale demokratiet meir synleg. Møre og Romsdal fylke meiner likevel at fylket i dag ikkje har oppgåver som eignar seg for folkeavrøystingar.

5. Frivillige organisasjonar som kanal mellom det sivile samfunnet og lokaldemokratiet

Lokaldemokratikommisjonen skriv om dei frivillige organisasjonane si sentrale rolle for utviklinga av lokalsamfunna. Kommisjonen hevdar at det er til det beste for lokaldemokratiet at innbyggjarane organiserar seg saman med andre for å skape eit godt lokalsamfunn. Kommisjonen omtalar i mindre grad den rolla dei frivillige organisasjonane på fylkesnivået har. Møre og Romsdal fylke ser innsatsen frå frivillige lag og organisasjonar i Møre og Romsdal som viktig for å få ei positiv samfunnsutvikling. Møre og Romsdal fylke har difor teke initiativ til eit utviklingsprosjekt for å styrke nettverkssamarbeidet med KS, kommunane, fylkesleddet av frivillige organisasjonar og lokale lag og foreiningar Dette var temaet i U-sak 113/05. Her vart det gjort følgjande vedtak:

Møre og Romsdal fylke ser på frivillige lag og organisasjonar sitt virke i Møre og Romsdal som viktig for positiv samfunnsbygging. Med utgangspunkt i både nasjonale og regionale målsetjingar om styrka samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar i form av utviklingsverkstader i Møre og Romsdal. Hovudsamarbeidspartar er Møre og Romsdal fylke, KS, kommunane, fylkesleddet av frivillige organisasjonar og lokale lag og organisasjonar med vektlegging på mangfald og likeverd.

Møre og Romsdal fylke ber KS delta i prosjektet, jf. KS sitt arbeidsprogram for 2004 – 2008. Kulturutvalet er uroa over den sentralisering som skjer innan frivillige organisasjonar og ber derfor KS å ta denne problematikken opp med staten som indirekte legg opp til ei utvikling der fylkesledda i frivillige organisasjonar blir svekka.

I saksframlegget blir det teke opp korleis utviklingsarbeid kan gjerast saman med frivillige organisasjonar. Møre og Romsdal fylke erkjenner at eit utviklingsarbeid på området "samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar" krev eit tett samarbeid mellom fire aktørgrupper: kommunane, lokale lag og organisasjonar, fylkesleddet av frivillige organisasjonar og Møre og Romsdal fylke. Det er mykje god dynamikk og godt samarbeid både lokalt og regionalt mellom det offentlege og frivillige organisasjonar. Viktig erkjenning er også at eit utviklingsarbeid for å styrke dette samarbeidet, må byggje på mangfald, og vekse fram nedanfrå gjennom lokale dialogar. Ei slik tilnærming vil gje breiast eigarforhold, skape mest energi og kunne gje varig styrking av tilhøvet og samarbeidet mellom det

offentlege og frivillige organisasjonar. Utviklinga vil kunne bli ulik frå kommune til kommune ut frå lokale haldningar, ulike aktørar og ulike løysingsval. Vi ser på det som ein verdi. Sams utviklingsarbeid må også byggje på frie organisasjonar sin sjølvråderett samstundes med at det offentlege har styringsrett over offentlege ressursar.

Frå Møre og Romsdal fylke ser vi følgjene av ein nasjonal politikk som gradvis fjernar fylkesleddet av frivillig verksemd. Vi ser klare prov på dette innan kulturområde som korverksemd, korpsverksemd, musikkrådsverksemd og idrettsverksemd. Vi ser same tendensen også for brukarorganisasjonane. Dette er ein urovekkjande tendens for dei tre andre aktørane i det omtalte nettverket og dermed også for samfunnsutviklinga. Fylkesleddet av organisasjonane har viktig fagkompetanse og samordningskompetanse som er sentral for utviklingsdynamikken i samspelet mellom offentleg og frivillig verksemd.

Møre og Romsdal fylke meiner at det å arbeide i partnerskap med dei frivillige organisasjonane på regionalt nivå vil ha positiv effekt for legitimiteten til det regionale demokratiet og for mulegheita for å delta i det utvida demokratiet på regionalt nivå.

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal fylke støttar lokaldemokratikommisjonen sitt forslag om at staten og KS sørgjer for forskning som gir kunnskap om kva faktorar som påverkar innbyggjarane sin tillit til kommunestyret og fylkestinget. Møre og Romsdal fylke oppmodar om at media si rolle inngår som ein del av analysane.
2. Legitimiteten for det regionale nivået er eit tema som Møre og Romsdal fylke lenge har hatt på dagsorden. Møre og Romsdal fylke visar til tidlegare vedtak i T-sak 9/06:

Samling og samordning av regionale oppgåver vil få større effekt for legitimiteten til det regionale nivået enn endring av geografiske grenser.

Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati skal fungere og som føresetnad for forpliktande partnerskap med kommunar, næringsliv og organisasjonar. Geografisk nærleik må vektleggjast med tanke på best mogleg praktisk funksjon i dei nye regionane.

3. Møre og Romsdal fylke meiner at einskapsfylkemodelen aukar legitimiteten til det regionale nivået. Evalueringane frå forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal visar at det regionale nivået har vorte enklare å forholde seg til for brukarane, den nye organisasjonen gir grunnlag for meir tverrfaglege og heilskapelege løysingar, og gjennom dette gjer det regionale nivået meir synleg for innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar.
4. Legitimiteten til einskapsfylkemodelen vil bli enno høgare om ein samstundes overfører oppgåver og mynde frå statleg byråkrati til det regionale demokratiet.
5. Møre og Romsdal fylke understrekar at reiseavstand må vere ein faktor ein tek omsyn til i forvaltningsreforma. Lang reiseveg reduserar villkåra for deltaking og påverking i det regionale demokratiet (jmfør undersøking gjennomført av Møreforskning blant kommunane i Møre og Romsdal).
6. Møre og Romsdal fylke støttar fleirtalet i demokratikommisjonen i at ein skal vidareføre ordninga med separat valdag for stortingsval og kommunestyre-/fylkestingsval. Det er viktig at regionale saker kan få plass på agendaen ved fylkestingsval.
7. Møre og Romsdal fylke støttar fleirtalet i lokaldemokratikommisjonen i at dersom ei lokal liste som ikkje er knytt til noko registrert parti blir representert i eit kommunestyre - eller fylkestingsval, så fell krava om underskrifter bort ved neste val. Dette er ei fornuftig forenkling.



Møre og Romsdal fylke



8. Møre og Romsdal fylke støttar lokaldemokratikommisjonen i at dei frivillige organisasjonane har ei sentral rolle for utviklinga av lokalsamfunna. Møre og Romsdal fylke finn det difor urovekkjande at den nasjonale politikken gradvis har ført til ei fjerning av fylkesleddet av frivillig verksemd. Møre og Romsdal fylke visar til tidlegare vedtak i fylkesutvalet U-sak 113/05.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør

UTSKRIFT AV PROTOKOLL FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESTING

T 9-06 Forvaltningsreform - oppgaver og prinsipp.

Høyringsuttale på KS sine rapportar "Sterke regioner. Premisser, oppgaver og inndeling ved en forvaltningsreform" og "Kommunene og forvaltningsreformen".

Behandling i Fylkestinget - 25.04.2006

Olav Bratland, H, fremma på vegner av H, Frp og SI/Tvp følgjande forslag:

1. "Møre og Romsdal fylke avviser store landsdelsregioner til erstatning for dagens fylkeskommuner og mener at 2 forvaltningsnivåer – stat og kommuner – vil styrke lokaldemokratiet og gi et bedre tjenestetilbud.
2. Møre og Romsdal fylke mener derfor at en fremtidig oppgavefordeling må tilpasses en slik 2 nivå-modell.
3. Det må også rettast fokus på fylkesmannen sin innsigelsesrett mot kommunal arealdisposisjonsrett der kommunane må behalde sjølvrådetretten over sine areal."

Svein Atle Roseth, KrF, fremma på vegner av KrF, SV, Ap, V og Sp følgjande forslag:

"Innleiing:

1. Møre og Romsdal fylke har fungert godt som regional aktør, både som tenesteproducent, samarbeidspartner for utvikling av næringsliv, kultur og samferdsel, og som demokratisk forum i regionen. Det er all grunn til å rekne med at gjennom samordna regional styring i einskapsfylket, vil Møre og Romsdal fungere godt også etter ei regionreform med tilføring av nye oppgaver...

Tillegg til pkt 3

Evalueringsrapportane for einskapsfylket har allereie peika på mange positive effektar sjølv etter berre dei 2 første åra av forsøksperioden.

Tillegg til pkt 5

Møre og Romsdal er dessutan allereie i dag av dei største verdiskapingsregionane i landet både målt mot eksportverdien frå fylket, og målt mot kompetanse i sterke næringsklynger som skipsindustri, møbel og maritime næringar, samt olje og gass. Region Møre og Romsdal er leiande på matproduksjon samla sett for sjø- og landbasert tilvirke."

Else-May Botten, Ap, fremma følgjande forslag:

"Tillegg til pkt 4

Regionene som en regional utvikler må få ansvaret for AETAT, slik at rollen som næringsutvikler og utdanningsansvarlig, kan tilby et helhetlig tilbud til sine innbyggere."

Knut Fylling, Frp, fekk permisjon for resten av dagen. 46 voterande.

Votering:

Bratland sitt forslag fekk 20 røyster og fall.

Tilrådinga punkt 1 og 2 med Roseth sitt forslag til innleiing, vart vedteke med 26 mot 20 røyster.

Tilrådinga punkt 3 med tilleggsforslaget frå Roseth vart vedteke med 26 mot 20 røyster.

Tilrådinga punkt 4 vart vedteke med 26 mot 20 røyster.

Botten sitt forslag vart vedteke med 23 mot 23 røyster, der fylkesordføraren si røyst gjorde utslaget.
Tilrådinga punkt 5, 6, 7, 8 og 9 med tilleggsforslaget frå Roseth til punkt 5 vart vedteke med 26 mot 20 røyster.

Vedtak i Fylkestinget - 25.04.2006

1. Møre og Romsdal fylke har fungert godt som regional aktør, både som tenesteprodusent, samarbeidspartnar for utvikling av næringsliv, kultur og samferdsel, og som demokratisk forum i regionen. Det er all grunn til å rekne med at gjennom samordna regional styring i einskapsfylket, vil Møre og Romsdal fungere godt også etter ei regionreform med tilføring av nye oppgåver. For Møre og Romsdal fylke er det viktig å få ein regionreform som byggjer opp om det regionale demokratiet, som legg til rette for heilskaplege løysingar for regionen og for at det regionale nivået skal ha mynde og ressursar til å kunne bli ein pådrivar i samfunnsutviklinga. Reforma bør innebere ei samling av kompetanse på regionalt nivå til nytte for brukarane og samstundes vere ei forenkling og effektivisering av den offentlege organiseringa på regionalt nivå. Den nye regionen må byggje på god samhandling med kommunane, næringslivet, organisasjonane og staten. Det regionale organet skal og kunne vere ein god reiskap for staten for å få gjennomført Stortinget sin politikk.
2. Ei samling av dei regionalpolitiske og dei regionale statlege oppgåvene i eitt organ må leggjast til grunn for ein framtidig regionmodell. Møre og Romsdal fylke meiner at einskapsfylkemodellen med to styringslinjer (ein statleg og ein regionalpolitisk) og éin administrativ leiar, er ein rasjonell og aktuell styringsmodell for det regionale nivået i framtida.
3. Utvikling av einskapsfylkemodellen, med sine to styringslinjer, vil vere avgjerande for om ein får gjennomslag for ei samling av alle regionale oppgåver i eitt organ. Villkåra for effektivisering, forenkling for brukarane, styrking av folkevalt medverknad, fagkompetanse og sektorovergripande løysingar vil bli betre di fleire oppgåver ein får samla i same organ. Evalueringsrapportane for einskapsfylket har allereie peika på mange positive effektar sjølv etter berre dei 2 første åra av forsøksperioden.
4. Skal dei nye regionane kunne fylla rolla som regional utviklingsaktør, sikre heilskap i samfunnsutviklinga og vitalisere det regionale demokratiet, må fleire oppgåver, verkemiddel og finansiering overførast frå staten til dei nye regionane. Møre og Romsdal fylke fremjar difor forslag om overføring av fleire oppgåver innafor følgjande fagfelt til regionalpolitisk leiding: Næringsutvikling og innovasjon, landbruk og bygdeutvikling, samferdsel, eigarskap til høgskolane, aetat sine kompetanseutviklande tiltak og anna vaksenopplæring, kultur, arealutnytting, energiutnytting, energiforsyning, ressursutnytting, miljømål for vassførekomstar, strandsoneforvaltning og folkehelse (jamfør punkt 2.1. i saksframlegget). Når det gjeld samferdsel, bør staten framleis ha ansvar for stamruteflyplassane og nettet, samt kortbaneflyplassane. Einskapsfylket bør likevel ha sitt hovudfokus på marknadsarbeid knytt til det totale flyrutetilbodet i fylket. Regionane som ein regional utviklar må få ansvaret for AETAT, slik at rollen som næringsutviklar og utdanningsansvarleg, kan tilby eit heilskapleg tilbod til sine innbyggjarar.
5. Alle desse oppgåvene lar seg godt løyse innanfor Møre og Romsdal sine grenser i dag. Møre og Romsdal er dessutan allereie i dag av dei største verdiskapingsregionane i landet både målt mot eksportverdien frå fylket, og målt mot kompetanse i sterke næringsklynger som skipsindustri, møbel og maritime næringar, samt olje og gass. Region Møre og Romsdal er leiande på matproduksjon samla sett for sjø- og landbasert tilvirke.

6. Klagebehandling av kommunale vedtak og tilsyn med kommunane bør liggje til den statlege styringslinja i dei nye regionane. På den måten unngår regionen å bli oppfatta som ein "overkommune".
7. Samling og samordning av regionale oppgåver vil få større effekt for legitimiteten til det regionale nivået enn endring av geografiske grenser.
8. Samordning av regionale statlege oppgåver saman med regionalpolitiske oppgåver i det regionale organet vil gje betre fordeling av statlege arbeidsplassar i regionane.
9. Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati skal fungere og som føresetnad for forpliktande partnerskap med kommunar, næringsliv og organisasjonar. Geografisk nærleik må vektleggjast med tanke på best mogleg praktisk funksjon i dei nye regionane.

U 113-05 Frivillige organisasjonar i samfunnsbygginga. Samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylke ser på frivillige lag og organisasjonar sitt virke i Møre og Romsdal som viktig for positiv samfunnsbygging. Med utgangspunkt i både nasjonale og regionale målsettingar om styrka samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar støttar kulturutvalet at det blir gjennomført eit utviklingsarbeid i form av utviklingsverkstader i Møre og Romsdal med hovudsamarbeidspartar Møre og Romsdal fylke, KS, kommunane, fylkesleddet av frivillige organisasjonar og lokale lag og organisasjonar.

Møre og Romsdal fylke ber KS delta i prosjektet jf. KS sitt arbeidsprogram for 2004 – 2008. Kulturutvalet er vidare uroa over den sentralisering som skjer innan frivillige organisasjonar og ber derfor KS å ta denne problematikken opp med staten som indirekte legg opp til ei slik utvikling.

Samrøystes tilråding frå Kulturutvalet - 23.11.2005 :

Møre og Romsdal fylke ser på frivillige lag og organisasjonar sitt virke i Møre og Romsdal som viktig for positiv samfunnsbygging. Med utgangspunkt i både nasjonale og regionale målsettingar om styrka samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar i form av utviklingsverkstader i Møre og Romsdal. Hovudsamarbeidspartar er Møre og Romsdal fylke, KS, kommunane, fylkesleddet av frivillige organisasjonar og lokale lag og organisasjonar med vektlegging på mangfold og likeverd.

Møre og Romsdal fylke ber KS delta i prosjektet jf. KS sitt arbeidsprogram for 2004 – 2008. Kulturutvalet er uroa over den sentralisering som skjer innan frivillige organisasjonar og ber derfor KS å ta denne problematikken opp med staten som indirekte legg opp til ei slik utvikling.

Behandling i fylkesutvalet 28.11.2005

Svein Atle Roseth fremma følgjande forslag til endring/tillegg i siste setning:

“... som indirekte legg opp til ei utvikling der fylkesledda i frivillige organisasjonar blir svekka.”

Tilrådinga med Roseth sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 28.11.2005

Møre og Romsdal fylke ser på frivillige lag og organisasjonar sitt virke i Møre og Romsdal som viktig for positiv samfunnsbygging. Med utgangspunkt i både nasjonale og regionale målsettingar om styrka samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar i form av utviklingsverkstader i Møre og Romsdal. Hovudsamarbeidspartar er Møre og Romsdal fylke, KS, kommunane, fylkesleddet av frivillige organisasjonar og lokale lag og organisasjonar med vektlegging på mangfold og likeverd.

Møre og Romsdal fylke ber KS delta i prosjektet, jf. KS sitt arbeidsprogram for 2004 – 2008. Kulturutvalet er uroa over den sentralisering som skjer innan frivillige

organisasjonar og ber derfor KS å ta denne problematikken opp med staten som indirekte legg opp til ei utvikling der fylkesledda i frivillige organisasjonar blir svekka.